

”Vurdering undervegs – ein av dei største fordelane med mappeskriving”

Vurdering for læring
Pedagogisk tekstrespons – ”ein ettertankens didaktikk”

Forskrift til opplæringslova §3-2: Undervegsvurdering og sluttvurdering

- Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen eller lærekandidaten aukar kompetansen sin i fag.
- Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til eleven, lærlingen og lærekandidaten ved avslutninga av opplæringa i faget.

Lærarutdanninga skal gje kompetanse til dette

Mappe som vurderingsgrunnlag i norsk og læringsreiskap for nynorsk

- Norskfaget i Lærarutdanninga ved HiO
- FoU – prosjekt frå omlegginga 2005 til i dag
 - Haldningsendringar
 - Læringsutbytte
 - Spesielt knytt til læring av nynorsk skriftspråk, men dette gir også generell kunnskap om forholdet mellom respons og læring

Opplæring > mappendidaktikk: *respons* - seleksjon og refleksjon

- **Arbeidsmappe med 5 sakprosa tekstar:**

Fagnotat om språk og læring (**respons frå faglærer**)

Omtale av barne- og ungdomsbok (respons frå faglærer
05 > **responsgrupper 08**)

Sakprosa tekst/ artikkel om barne- og ungdomsbok
(**medstudentrespons**)

Responstekst til medstudents artikkel (A05) > **refleksjonstekst over
mottatt respons** (A08) (utan respons)

Elevtekstanalyse (**respons frå faglærer**)

- **Vurderingsmappe med 4 tekstar:**

3 av tekstane over og eit **refleksjonsnotat** som oppsummerer og kommenterer mappearbeidet og eiga skriveutvikling.

Kandidat 607

- Mappekrav 1: Fagnotat om språk og læring
- Mappekrav 3: Sakprosaartikkel om barne- og ungdomslitteratur
- Mappekrav 5: Elevtekstanalyse
- Refleksjonsnotat
-



Sluttvurdering : Kompetanse i skriftleg nynorsk og kompetanse i skriftleg bokmål utgjer likeverdige delar av sluttkarakteren.

1. Mappedeksamen, 1. studieår (7 stp)

- Digital *arbeidsmappe* med 5 tekstar i ulike sjangrar
- Digital *vurderingsmappe* med 4 tekstar, tre frå arbeidsmappa og ein refleksjonstekst
- Alle tekstane i mappa er på nynorsk. (Mål: utvikling av eigenkompetanse i nynorsk)

2. Skriftleg eksamen (6t) på bokmål (7 stp, no 8 stp)

3. Munnleg eksamen (7 stp)

Avdeling for lærarutdanning og internasjonale studium,
Høgskolen i Oslo

Sentrale element i læringsprosessen ved mappeskriving : **respons –omarbeiding - refleksjon**

- **Respons** frå lærar, digitale merknader og oppsummerande **vurdering** på tre, no to av tekstane i arbeidsmappa
- **Respons** frå medstudent, digitale merknader og oppsummerande **vurdering**
- **Refleksjon** over mottatt respons
- Eige arbeid med tekstane
- **Respons** til medstudent, digitale merknader og oppsummerande **vurdering** på ein tekst i arbeidsmappa

- **Refleksjon** over skrivemappearbeidet som heilskap


Refleksjonsteksten

Denne forma for refleksjon har som mål å generalisere skriveerfaringar slik at skrivaren har ein slags (prototypisk) modell for skriving som kan utnyttast i nye skrivesituasjonar. (Reflection in presentation (Yancey))

Responsen > potensial som læringstøttande vurdering

- Fokus på individuell utvikling
- Fokus på sjølvregulering. Studenten skal sjølv velje retning på det vidare arbeidet med teksten med utgangspunkt i responsen.
 - Refleksjon som hjelp til sjølvregulering.
 - Refleksjonsteksten over mottatt respons
 - Refleksjon som hjelp til å utvikle eiga evne til å gje respons
 - Formative strategiar > kva støtter læring
- Læring i **sosial kontekst**: student – medstudent – faglærer og i **lærerutdanningskonteksten**: Nynorsk som likeverdige del av norskfaget.

Student A08



Respons og refleksjon som nødvendige element i mappendidaktikken

”Ved å ha forbetra tekstane gjennom eit heilt år, kan eg no levere eit produkt som eg er svært stolt av. Den gleda ein elev føler ved å levere noko han er fornøgd med, burde einkvar lærar streve etter. *Eg vil avslutte med å seie at eg har skifta det synet på mappevurdering som eg hadde frå ungdomsskulen.* Dette er noko eg har fått positive erfaringar med, og som eg vil ta med meg og la mine elevar få gleda av å oppleve”. (A08 –S.O. –j-G-A)

Materialet vår viser: Alle studentane ser responsen som avgjerande for utvikling av tekstane og eiga læring

”Gjennom å måtte gje
respons og reflektere over
responsen eg har fått, har
eg lært mykje om verdien
av å dele tekstar med
andre. Samtidig som ein får
øvd seg på å gi konstruktiv
respons til medstudentar,
får ein god trening i eigen
vurdering.” (A08- SO- JGA)


- Dette samsvarar med to store metastudier:
- [Black og Wiliam](#) (1998) og Hattie og Timperley (2007).
- Begge desse viser at tilbakemeldingar har stor verdi for læring. Men at det ikkje er noko enkel samanheng mellom tilbakemelding (respons) og læring.

Respons er undervegsvurdering

Lærarrespons og medstudentrespons

- Vurderingen trekkes inn i produksjonen; **undervegsvurdering** blir forstått som formidling av forventninger til elevens produksjon, heller enn dommer over denne. (Gaare 2009)
- Lærarresponsen er avgjerande. Den fungerer også som **modell** for respons.
- Medstudentrespons etablerer eit **kommunikasjonsfelleskap** i vurderingsfeltet.
I vårt FoU-prosjekt ser vi ein tendens til at studentane i A08 –kullet oppfattar studentrespons meir positivt og ”nyttig” enn studentane i A05-kullet.

A og B



Lærarrespons som ”ettertankens didaktikk”

- Ingen enkel samanheng mellom lærarkommentarar/respons og utvikling av tekst, men elevar som får prosessrespons blir ”oppmoda til å ”revidere, tenkje over og bearbeide det dei sjølve har skrive og meint”(Igland 2008:404)
 - Mari-Ann Igland: Ein ettertankens didaktikk: om forståinga av pedagogisk tekstrespons I: Haugaløkken m.fl (red): Tekstvurdering som didaktisk utfordring 2009

Lærarkommentaren skal ikkje bare utseie noko om den teksten han står til, han skal og fungere som undervisning.

Responstypar til mikronivået, C- gruppa

	KBB	SB	RLB	TG	HB	HAa	AB	
Digitale kommentarar til mikronivået	72	45	47	123	61	30	18	
Gjentaking av rett ord, rett bøyingsform (korrektur)	44	35	20	49	34	19	12	
Gram rettleiing	8	1	5	5	11	4		
Gram rettleiing med rett form oppgitt	2	6	2	6	1	3	3	
Avmerking som feil	10		8	15	4	1	2	
Spørsmål om teiknsetjing	2	1	4	15	5	1		
Kom til formelle ting, t d mellomrom mm	6	2	2	3	5	1	1	
Nynorskfeil i innlevert tekst	16	14	6	9	10	7	2	

Respons som gjer teksten betre utan at studenten lærer?

- Størsteparten av dei digitale kommentarane frå læraren inneheld bare få problemforklarande eller grunngevande element, t. d. ved å vise til regelverket for nynorsk språkføring, eller grammatiske reglar. Derfor er dei i det heile meir orientert om *at* studenten skal endre feila til rette former, meir enn å leggje eit eksplisitt grunnlag for å forstå kva feilen skriv seg frå, eller kva slag brot på formverket denne feilen representerer.

Tilbakemeldinga fungerer ikkje...

fagnotat	Respons frå lærar (sluttkom)	Fagnotat i vurderings -mappe 1	Fagnotat i vurderings -mappe 2	Reflesjons tekst 1	Refleksjon stekst 2
lest	Å lese- les- las- har lese	lest	lest	Lettlest bøker	Lettleste bøker

Student om respons som fremjar læring:

- *Noko som har vore svært bra i arbeidet med desse tekstane er at vi får nøyaktig respons på mykje av det vi gjer galt. Vi får ikkje berre ei raud merking i margin og må finne feila. Vi får presisert kva som er galt, og finner lettare system i feilane vi gjer. I tillegg får vi eit avsnitt i botn av teksten som gir ein heilskapleg oversikt med ris og ros. Dette handlar om god og konstruktiv tilbakemelding, og er svært motiverande for å jobbe vidare med teksten. Dette er noko eg kan ta med meg inn i læraryrket, for å hjelpe mine elevar vidare. Det gjeld ikkje berre i norsk, men i dei fleste fag. God konstruktiv tilbakemelding kor ein ser forbetringar undervegs er alltid motiverande. (F- rlb-C)*

- Arbeidet med mappevurdering er veldig lærerikt. Eg har skrive mange oppgåver i min 15 årige skulegong, men har aldri sett læringa og framgangspotensiale så tydeleg som eg no gjer etter eit år med denne type metode. Eg har lært mykje av **både å gje respons, og å rette opp i eige feil etter tilbakemelding.** (A08- RL – jGx)

Respons som tilpassa vurdering

- Vårt materiale viser at respons med grammatisk forklaring på feilen ikkje fungerer like godt for alle studentar.
 - Vygotskys proksimale sone
Alle læring inneber å finne ein samanheng mellom det nye og det ein allereie kan .

Forholdet mellom medstudentrespons > eigenvurdering

- Det ligg eit stort læringspotensial i medstudentresponsen. Bare å lese tekstar av andre studentar fører til refleksjonar over ulike måtar å skrive på, og ulike måtar å løyse oppgåver på.
- Å gje respons til medstudent kan også føre til auka evne til å vurdere eigen tekst og altså auke tekstkompetansen generelt.
- **Men** skal medstudentresponsen fungere slik, må studentane og læraren byggje opp ein felles vurderingskultur:
 - Eksplisitte målformuleringar for tekstane
 - Drøfting av tekstkvalitet
 - Drøfting av forholdet mellom læring og ulike typar respons

Vårt materiale viser tydeleg samanheng mellom den responsen studentane har fått, og den dei gir sjølv:

- Alle studentane som fekk **grammatiske** kommentarar eller forklaringar, gir også slike som medstudentrespons
- Men dei **grammatiske kommentarane** er få i forhold til andre: t d: 12 av 116, 3 av 61, 4 av 113
- Rett form og sletting dominerer i responsen gitt som digitale merknader til medstudent. (A -gruppa)

Dette gir heller ikkje nok støtte til systematisk læring.

Refleksjon over verdien av medstudentrespons:

- ”Gjennom mappeskriving la eg merke til kor nyttig refleksjonsteksten på responsen var. *Det var godt å få forklart og drøfta tilbakemeldinga.* Dette skaper ein dialog, og ikkje ein einvegskommunikasjon, noko som gjev ei god kjensle hos oppgåveforfattarane.” (A08 -LG-JAG)
- Eg meiner responsarbeid er nyttig, men med visse føresetnader. Responsgjevaren må vere seriøs og korrekt. Responsen må innehalde positive trekk, men også betringspotensial (Eg fekk få negative tilbakemeldingar, og det kan tenkjast at ho vil vere ”snill”. Om det er tilfelle, er det misoppfatta snillheit.) (A08- LG- JGA)

Døme på råd om tekststutvikling på mikronivået frå medstudent:

- **Les over**, rett **slurvefeila**, ver meir nøye med korrekturlesing:

”Eg finn nokre få teiknsetjingsfeil samt nokre skrivefeil, men dette trur eg berre er **slurv** frå studenten si side. Det er nok lurt å lese over teksten nokre gonger med auge for slike feil før ein leverer teksten sin til vurdering.”

- **Lær deg ..**(Bøyingsparadigme, syntaktiske reglar):

”Verbet å vere må du lære deg å bøye. Det er mykje brukt, men du har skrive det på bokmål. Også verba å synast, å finnast og å leve. Desse verba er ein gjennomgangsfeil i teksten din.”

Problem å gje respons til medstudent:

- Studentane synest det er vanskeleg å gje respons
- Lite bruk av metaspråk/fagspråk
- Få systematiske råd
- Meir retting enn respons
- Redd for å fornærme eller såre
 - ”Eg må slengje på nokre smilefjes for å få henne til å skjønne at kritikken ikkje er vondt meint” (Nergård 2009:55)

”Studentene ønsket mer arbeid med respons i lærerstudiet. Både faglærere og øvingslærere i praksisskolen kunne gjerne være med på dette, mente de”

Å gje respons til medstudent utviklar eiga skriving:

- Rolleskifte: frå elev til rettleiar (Er dette komplementære roller?)
- Perspektivskifte > Dette inviterer til ein reorganisering av eigen kunnskap. Den som gir respons, kan oppdage manglar i eigen fagleg kunnskap ved å prøve å forklare for andre. (Fagleg tillit til responsgjevaren er avgjerande).
- Medfører auka kompetanse som kan brukast i eiga skriving og i vurdering av eiga skriving
- Men:
- Halvhjerta forsøk på bruk av medstudentrespons verkar negativ og demotiverande > refleksjon over mottatt respons

Utviklingspotensial for (vår type) mappeskriving

- Lærarresponsen
- Studentresponsen
 - etablering av tolkings- og vurderingsfellesskap
 - korleis gjere studentane i stand til å gje respons som stimulerer læring? (fagleg kunnskap og didaktisk kompetanse)
- Refleksjonstekstane og læringsperspektivet
 - Frå rituell refleksjon til refleksjon som støttar læring
- Tidsforbruk for læraren
 - Lærarane bruker framleis meir tid på respons og tilbakemelding enn det som er avsett.

Å gje kvalitativt god respons er eit fagleg utfordrande og tidkrevjande arbeid for læraren.

- ”Det er ein kunst som krev mykje meir enn ei tilsynelatande enkel overføring av praktisk-metodiske strategiar av forholdet mellom responsstil og responseffekt.
 - (Igland 2009: 34)
- Vi ser også at det ikkje minst krev **kunnskap om nynorsk skriftspråk og vilje til å investere tid til og gje rom for** mappeskriving på nynorsk over lang tidsrom.

1. Utviklingspotensiale for lærarresponsen: Respons som støttar læring:

- Vurderingsbasert rettleiing som peiker framover
- Trekkjer studenten inn samhandling > språkleg merksemd
- Læraren må kunne velje kva som skal kommenterast og utforme responsen slik at den kommuniserer med mottakaren.
- Studenttekstar er kulturelle ytringar
 - Læraren skal vere ekspertar som kombinerer tekstkunnskap, tekstkjensle og evne til kvalifisert verdsetjing av både studentar og studenttekstar
- **Situasjonsavhengig** respons kan fungere som ei ”radikalt open form for undervisning” (Igland)

2. Utviklingspotensiale : Refleksjonen som eigenvurdering

- *Refleksjonsnotatet inneber, i norskfaget, at elevane skal vurdere si eiga skriving. Det å vurdere sitt eige språk inneber da å ta eit metaspråklig perspektiv på tekstene sine. Ei slik metaspråklig tilnærming meiner eg er særdeles viktig, da ein blir meir bevisst på sitt eige språkbruk (A05- KK).*

Det gir resultat: Refleksjonar over kva kompetanse i fleire skriftspråk gir..

- *Jeg mener dessuten at å utvide kunnskapene i nynorsk (eller hvilket som helst annet språk), utvikler bredden og ferdigheten i ditt eget hovedskriftsmål. (...) Ved å tilegne seg en ny "språkbane" lærer man samtidig nye måter å tenke på, og nye måter å bruke sitt eget språk.* I forhold til nynorsk som jo ligger så tett til bokmål, blir overføringen fra det ene språket til det andre enda lettere. Nynorsk har andre måter å bygge opp setningene på (liten bruk av substantiv som jeg selv bruker veldig mye, ikke genitiv osv), og det har hjulpet meg til å finne nye måter å skrive bokmål på.

Ved å lære nye språk lærer man seg en generell metaspråklighet. Denne kunnskapen tror jeg kan hjelpe en til å tenke mer kreativt, nytt og skapende. (N2B- AB)

Det endeleg målet er skriaridentitet på nynorsk:

”Eg fann språket mitt på nynorsk” (A05 –kk)

- *I refleksjonsteksten konstruerer skriveren et skrivende selv der evner at generalisere sin utviklingserfaring til læringsmønstre. Konstruerende reflection skaber således skriveridentitet.”* (Ellen Krogh s.364 i Skrive i nåtid og fortid)

Utvikling av haldningar og fagdidaktisk kompetanse: Norsk som nynorsk og bokmål

- Når det gjelder bruk av nynorsk som et likeverdig skriftspråk i norskfaget, har det åpnet både sinnet og øynene mine for verdiene i språket. Jeg har opplevd at Høgskolens positive fokus på nynorsk har påvirket meg, selv om jeg har vært både skeptisk og fortvilet underveis i skriveprosessen. Jeg vil ta med meg denne nyerhvervede positive holdningen til nynorsk skriftspråk videre ut i livet som kommende norsklærer, og utsette de yngste elevene for denne varianten av det norske språket slik at de, helt fra starten, skal få et mer positivt forhold til nynorsk enn jeg selv har hatt.” (IJ-N209)

Resultata våre viser:

- Skrivemappedidaktikk : Tydeleg potensial til å gjere studentane medvetne når det gjeld nynorsk språkssystem og nynorsk skriftspråk > til å lære å skrive nynorsk.
- Men dette blir ikkje blir realisert automatisk.
- Nødvendig med arbeid for å utnytte dei moglegheitene for læring som ligg i mappeskrivinga, spesielt når det gjeld **formativ vurdering/undervegsvurdering (respons og refleksjon)**.
- Responsen er eit avgjerande og kritisk punkt når det gjeld å utnytte læringspotensialet, men å gje kvalitativt god respons er eit tidkrevjande arbeid, også for læraren.
- Nødvendig å arbeide for å utvikle medstudentresponsen

Men, dette må ta **tid**...

- One of the things known about portfolios by comparison with other assessment is that they are more expensive – even they are not more expensive in financial terms, **they still require more teacher, more student, and more managerial time.**
 - Hamp - Lyons & Condon: Assessing the Portfolio 2000

Litteraturliste

- Dyste, Olga og Frøydis Hertzberg(2009): Den nyttige tekstresponsen- hva sier nyere forskning? I: Haugaløkken m. fl (red): Tekstvurdering som didaktisk utfordring
- Gaare, Odd (2009): ”Bedre vurderingspraksis i norskfaget? Et innspill til en mer forutsigbar, etterprøvbar og enhetlig bedømming av like prestasjoner i norsksfaget” I: Norsk pedagogisk tidskrift nr.3 2009
- Igland, Mari-Ann (2009): Ein ettertankens didaktikk: om forståinga av pedagogisk tekstrespons I: Haugaløkken m. fl (red): Tekstvurdering som didaktisk utfordring
- Nergård, Mette: Redsel for å såre hemmer lærerstudenters respons. Utdanning nr.1 9. 1.2009
- Skjong, Synnøve (2008): ”Å tvinge tanken til konsekvens” Digitale mapper i lærarutdanninga I: Mapper i digitale læringskontekster – erfaringar og perspektiv frå høgre utdanning. Noregsuniversitetets skriftserie 2/2008
- Skjong, Synnøve og Vederhus, Inger: ”Nynorsk i lærarutdanninga 1. Og 2. Studieår, vurdering av eit opplegg knytt til skrivemappe på nynorsk. Tre delrapportar www.nynorsksenteret.no
- Wølner, Tor Arne : Mappedvurdering eller porteføljemetodikk I: Dobson m.fl (red): Vurdering, prinsipper og praksis (2009)